

BRYTNINGSTID

Rapport frå «Allmennmedisinsk våruke»

■ LISBETH HOMLONG redaktør og PhD stipendiat, Institutt for helse og samfunn, UiO

Allmennmedisinsk våruke vart i år arrangert på Farris Bad i Larvik 7.-11. mai. Omgitt av bøkeskog, sjø, strand, herlege spa-fasilitetar og ei rekke flotte kunstverk av kjente kunstnarar som Nico Widerberg, Per Kleiva, Morten Krogvold og Ludvig Eikaas, låg alt til rette for ei flott veke.

Varme og solrikt vårvêr var det dessverre lite av, men heldigvis var det mykje å ta seg til innandørs. I tillegg til fleire nyttige og interessante kurs, stod helsepolitisk debatt om fastle geordninga si framtid med mellom anna Bent

Høie og Trine Skei Grande i panelet, årsmøte i Norsk forening for allmennmedisin og landsrådsmøte i Allmennlegeforeningen på programmet. Alle arrangement med god oppslutnad. Om ein vart trøytt og lei etter lange dagar på kurs og timesvis med årsmøtesaker, kunne ein nyte ei stille stund i spa-avdelinga eller ta seg ein tur i Larvik sin flotte bøkeskog.

Merkevarebygging

NFA-årsmøtet starta med debatt. Rekruttering til allmennpraksis var tema. Det vert meldt om sviktande påmelding til fleire grunnkurs og mange kommunar opplever at få kvalifiserte sokjarar melder seg til ledige heimlar. Dette er bekymringsfullt. Leiar i Norsk medisinstudentforening (Nmf), Bjørg

Bakke, og leiar i Dansk selskap for allmennmedisin (DSA), Lars Johansen, innleia. Bakke hadde i forkant gjort ein uformell undersøking hos sine medstudentar. Kva skal til for at studentane skal velje allmennmedisin som karriereveg? var spørsmålet. Ho presenterte fleire tankevekkjande svar: «Når eg vert eldre og har mista livsgnisten, då kan eg bli allmennlege». «I allmennpraksis er det gode rammer – men keisamt innhald». «Allmennlege? Sikkert der eg endar...». «På sjukehus kan ein bli veldig god på eit felt. I allmennmedisin blir ein ikkje god på noko». «Det er berre blodtrykk og marevan».

Ho viste også til at mange ikkje veit heilt kva som skjer i allmennpraksis. Kva driv vi eigentleg med? Løysinga på dette er meir praksis, påpeika studentlearen. Og meir allmennmedisinsk retta undervisning.

Legeforeningens president og generalsekretær, Hege Gjessing og Geir Riise, var gjester på AF sitt landsstyretemøte.





Våruka vart i år arrangert på Farris bad i Larvik.

Debatten som følgde var frisk og mange hadde gode innspel. Fleire var oppgitt over det karikerte og usanne biletet som studentane teiknar av norsk allmennpraksis og det vart påpeika eit klart behov for merkevarebygging rundt faget vårt. Arbeidsplassen vår er tvert imot ein spennande og allsidig møteplass mellom menneske. Mange meinte at noko må gjerast med studiet. Den negative stemninga som forslaget til ny fastlege-

forskrift har skapt, er òg noko vi må forsøke å endre på. Det er viktig at vi ikkje står fram som ein gjeng sutrepavar. Det å rå studentane frå å satse på allmennpraksis, verkar heller ikkje spesielt rekrutteringsfremjande.

Fastlønna utdanningsstillingar og meir organisert rettleiing eller tutorordningar vart trekt fram som viktige rekrutteringsverkemiddel. Dette er saker som foreininga allereie jobbar med per i dag.

Robert Burman påpeika at vi nesten er det einaste landet i Europa som ikkje har ein klar utdanningspakke for allmennmedisin, og heller inga oversikt over kven som til ei kvar tid er i spesialisering. Han ønskjer seg obligatorisk påmelding til spesialisering, utdanningskoordinatorar og systematisk, regelmessig rettleiing av utdanningskandidatar.

Anne Mathilde Hanstad og Svein Aarseth til venstre held styr på både AF-styret og forsamlingen.

ble det avholdt to møter i UEMO. Journalelet var i Budapest og nærværbenes var i Tønsberg. På begge møter deltok Allmennlegeforeningens representanter. UEMO har flere arbeidsgrupper som jobber med ulike utfordringer for allmennmedisinen i Europa. Det er blant annet arbeidsgrupper mot spesialistutdanning og om forsyggende medisins.

I tillegg til Allmennlegeforeningens representanter har Norge vært representert ved Erik Bø Løseth som har vært visepresident i UEMO fra 2007 - 2011. Han avsluttet vervet i UEMO med å lede møtet i Tønsberg i nærmest kommande dager.





Leiar i Allmennlegeforeningen Trond Egil Hansen taler til landsrådet.

Fastlegeforskrifta – quo vadis?

Dagen etter var det duka for landsrådsmøte i Allmennlegeforeningen. Her var ei sak i sentrum; forslaget til revisert fastlegeforskrift, eller «elefanten i rommet» som den humoristisk nok vart kalla. Leiar Trond Egil Hansen innleia med tale til landsrådet. Den handla i hovudsak om fastlegeforskrifta, og han slo fast at dersom forskrifa vert vedtatt utan vesentlege endringar, vil fastlegeordninga verte øydelagt.

Departementet sitt arbeid med revisert fastlegeforskrift har skjedd med lukka dører og ryggen til. Og resultatet vart mykje verre enn frykta. Hovudgrepet er å flytte regulering frå avtaler til forskrift, i staden for å gå til avtaleverket, der det ligg eit ubrukt potensiale til å forbetre fastlegeordninga. Ein opptrapningsplan av fastlegeordninga og utnytting av avtaleverket er vegen å gå, i følgje leiar. Han påpeika at vi treng fleire fastleger; rundt 500 nye fastleger per år i nokre år framover. Det må derfor bli lettare å etablere seg med nye 0-lister. Fleire fastleger gir fleire val for pasienten og kortare gjennomsnittlige lister vil verte resultatet. Andre kommunale oppgåver må lysast ut på vanleg måte, ved å gi gode arbeids- og lønsvilkår. Allmennlegeleiaen nyttar høvet til å takke foreininga, fastlegeaksjonen og andre som har engasjert seg i saka, for innsatsen.

Hansen fortalte også litt om vegen vidare. Legeforeningen ønskjer å bidra til endringar og dei opplever no at det er reell dialog, og foreininga har regelmessige møter med departementet. Ein håper at den endelege forskrifa vil sjå vesentleg annleis ut enn høyingsforslaget.

Prøveeksamen bestått!

Marit Hermansen heldt si første årsmøtetale som foreningsleiar. Ho skildra det som ein slags prøveeksamen. Eg må seie at ho klarte seg bra! Ho la vekt på at foreininga er ingen ting utan medlemmane, og med 5600 av desse er NFA den største fagmedisinske foreininga i Norden. Ho nyttar høvet til å takke alle aktive medlemmar for arbeidet dei legg ned i det fagmedisinske arbeidet. Mange har det siste året spurt Hermansen kva ho vil med leiarvervet. Har ho ein visjon? I talen formidla ho tre ting som var utgangspunktet for hennar eige engasjement for allmennmedisin: Fastlegeordninga. NSAM (Norsk selskap for allmennmedisin). Spesialiteten. Dette framheva ho som klangbotnen for arbeidet vidare. Ho ønskjer fastlegen tilbake i sentrum av komunehelsetenesta, ho vil ha rom for fagutvikling og ho vil ha obligatorisk krav om spesialitet for å kunne jobbe som fastlege.

Praktisk trening under akuttmedisinkurset.





Skulptur av Nico Widerberg.

Andre viktige saker som vart trekt fram av Hansen, var fjarårets inntekts- og kostnadsundersøking som dokumenterte utgiftsauken vi har hatt i allmennpraksis i seinare år. Etterslepet vart berre delvis kompensert under forhandlingane i fjar. Men, understreka Hansen, dette viser kor viktig det er med stor oppslutnad om undersøkingane. Legevakt er ei anna viktig sak. Den har stått

på «stedet hvil» i mange år, trass eit stort utviklingspotensiale. Det er behov for ei nasjonal legevaksreform, og her er gode arbeidsforhold for legane sentralt for å gi eit godt tilbod til befolkninga.

Legeforeningen sin president, Hege Gjessing, var gjest på landsrådsmøtet. Ho understreka at sentralstyret og sekretariatet er svært opptatt og engasjert i forskriftsforslaget. Det

Ein mann har falle om og pustar därleg. Her får ein trennt på ventilering med maske og bag.





Forsamlinga på landsrådsmøte engasjerte seg i debatten rundt fastlegeforskrifta.

er tydeleg for ho at fastlegeordninga er viktig for medlemmane og at bekymringa er sterkt og rettmessig. Prosessen har gjort det oppenbart at fastlegeordninga er ei god og sterkt ordning, og mange fleire har blitt klar over dette i den prosessen vi har vore gjennom. Gjessing opplever også at ein no har ein god og konstruktiv dialog gående med styresmaktene. Men, ho er enno ikkje 100 prosent trygg på resultatet. Ein kan derfor ikkje slappe av heilt enno, og saka vil vere eit hovudtema på årets landsstyremøte.

Den påfølgjande debatten om forskriftsforslaget fekk fram fleire av dei gode poengane som også har kome fram i høyingsrunda og mange nyttar høvet til å uttrykkje si oppfatning. Eit hovudinntrykk var kor vonbrotne

fastlegane rundt omkring i landet har vore på grunn av den inngrødde mistilliten til oss som ligg i forslaget.

Fastlegeaksjonen med allmennlege Kjetil Karlsen i spissen tok velfortent imot årets allmennlegepris for det flotte arbeidet den har nedlagt i samband med motstanden mot fastlegeforskrifta. Karlsen formidla at aksjonen vil halde fram med arbeidet sitt for ei fagleg sterkt og omsorgsfull allmennlegeteneste.

Ein ny vår?

Under våruka vart det arrangert fleire interessante kurs, alle med stor oppslutning, inkludert grunnkurs C, så mange unge under utdanning var også til stades i Larvik. Eit tankekors

her er at få av desse tok ordet under dei aktuelle debattane. Både NFA-årsdøtet, landsrådet og på den avsluttande festmiddagen torsdag kveld, var dominert av den eldre garde og få legar i spesialisering tok ordet. Men nokre utmerka seg med engasjement og spennande, nye tankar og ein kan ane at vi kanskje står framfor eit generasjonsskifte når det gjeld premissleverandørar i allmennlegekorpsset. I ei tid som dette med stor uvisse rundt rammevilkåra og framtida for norsk allmennmedisin, er dette avgjerande for å skape entusiasme og ei tru på at allmennpraksis kan vere ein fin stad å jobbe i også framover.

 lisbeth.homlong@hotmail.com



Bøkeskogen i Larvik er Noregs første offentlege friområde.

